



**Eidsdal kraftverk. Verknadar av å auke slukeevna frå 3,6
m³/s til 4,2 m³/s**

Bioreg AS Rapport 2017 : 03

BIOREG AS

Rapport 2017:03

Utførande institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersoner: Finn Oldervik	ISBN-nr. 978-82-8215-324-9
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as	Finansiert av: Eidsdal Kraft AS	Dato: 28. februar 2017
Referanse: Oldervik, F. G. & Olsen, O. 2017. Eidsdal kraftverk. Verknadar for anadrom fisk av å auka maks slukeevne frå 3,6 m ³ /s til 4,2 m ³ /s. Bioreg AS rapport (Notat) 2017 : 03. ISBN. 978-82-8215-324-9.		
Referat: Etter ynskje frå Eidsdal Kraft AS ved Egil Berge, har Bioreg AS laga ein rapport/notat som kort skildrar verknadar på anadrom fisk i den delen av elva som er omfatta av kraftutbygginga i Eidsdalen i Norddal kommune, Møre og Romsdal fylke. Vurderingane er gjort ut frå egne feltundersøkingar utført den 26.01.2017, samt opplysningar motteke frå Eidsdal Kraft AS ved Egil Berge. Vertilhøva var gode ved undersøkinga og sikta var god. Både lavflora- mose- og planteflora verka å vera svært så triviell langs den delen av elva som vart undersøkt. Botnssubstratet i elva var for det aller meste grovt og lite eigna for gyting av større fisk. Konklusjonen vår kva gjeld verknadar for anadrom fisk på strekninga frå kraftverket og opp til Juva fossen av ei auke på slukeevna frå 3,6 m ³ /s til 4,2 m ³ /s er at ein slik auke berre vil ha marginal negativ verknad for anadrom fisk på strekninga. Vi ser ikkje bort frå at verknaden heller er positiv enn negativ. Notatet drøftar kort eventuelle verknadar av det omsøkte tiltaket på naturen generelt i området og eventuelle avbøtande tiltak vert også kort nemnd.		
4 emneord: Biologisk mangfald Raudlisteartar Vasskraftutbygging Oppdatering		

Figur 1. Framsidebiletet viser kraftverksbygget for Eidsdal kraftverk. Biletet er teke frå ei gangbru over elva tett ved kraftverket (Foto; Oddvar Olsen for Bioreg AS © 26.01.2017).

Innhald

Innhald	3
FØREORD	4
1 INNLEIING	5
2 KORT HISTORIKK OM KRAFTVERKET	6
3 METODE	6
3.1 Eksisterande kunnskap om naturverdiar i det aktuelle området.	6
3.2 Naturfagleg undersøking av Bioreg AS vinteren 2017.	8
4 RESULTAT	9
4.1 Flora	9
4.2 Akvatiske miljø.....	9
5 KORT DISKUSJON OM DET SOM VART REGISTRERT	11
5.1 Eigne og andre sine vurderingar og registreringar	11
5.2 Eventuelle avbøtande tiltak	11
6 KJELDER	16
6.1 Litteratur:	16
6.2 Munnlege kjelder:	16
7 VEDLEGG 1	17

FØREORD

På oppdrag frå Eidsdal Kraft AS ved Egil Berge, har Bioreg AS gjort ei undersøking samt gjort ei vurdering av kor godt strekninga frå Eidsdal Kraftverk og opp til Juvafossen – eignar seg som oppvekst- og gyteområde for anadrom fisk. For å betra lønsemda i prosjektet har Eidsdal Kraft AS søkt NVE om å få heve maks slukeevne frå 3,6 m³/s. til 4,2 m³/s. Bioreg er bedt om å vurdera kor vidt ei slik auke i slukeevna vil ha nokon merkbar negativ verknad for anadrom fisk på den aktuelle strekninga.

Utanom eigne undersøkingar er vi gjort kjend med innvendingane til NVE då konsesjonen for kraftverket vart gjeve. Som kjend var det då søkt om same maks slukeevne som det vert søkt om no. NVE sette den gongen slukeevna ned til det den er no, nemleg 3,6 m³/s. Grunngevinga var bl.a. at flaumane ville verta for små til at lausmassar ført ned i elva nedstraums dammen ville verta spyla ut av elveleiet, samt at tilhøva for anadrom fisk ville verta betre med mindre slukeevne. Som ein del av grunngevinga i konsesjonsvedtaket for å redusera maks slukeevne vart det hevda frå NVE si side at denne nedsette maks slukeevna ville ha lite å seia for lønsemda i prosjektet. Kraftverkseigarane hevdar at hovudårsaken til underskotet dei tre siste åra ligg i den nedsette maks slukeevna som vart vedteke som konsesjonsvilkår, saman med låge kraftprisar.

Dette notatet er ei samanfating av det som vart observert ved den naturfaglege undersøkinga som vart gjort den 26. januar 2017 inkl. eksisterande kunnskap i den grad det er noko å finna i kjelder som Naturbase og Artskart. Men fyrst og fremst er det ei vurdering av eventuelle skadeverknadar for den anadrome fisken på strekninga av ei eventuell auka slukeevne.

For oppdragsgjevarane har Egil Berge vore kontaktperson, medan Finn Oldervik i hovudsak har vore kontaktperson for Bioreg AS. Oldervik har også samla tilgjengeleg eksisterande kunnskap samt skrive mesteparten av notatet. Oddvar Olsen, Volda har utført feltundersøkinga, teke bileta og elles hjelpt til under arbeidet med å laga rapporten/notatet.

Vi takkar Egil Berge, Eidsdal Kraft AS for eit godt og ryddig samarbeide.

Aure 9. mars 2017

Volda 9. mars 2017

FINN OLDERVIK

ODDVAR OLSEN

1

INNLEIING

Denne korte rapporten/notatet er hovudsakleg laga for å skildra samt vurdera eventuelle negative verknadar på anadrom fisk på ein nærare definert strekning av Eidsdalselva ved ei auke av maks slukeevne frå 3,6 m³/s til 4,2 m³/s. Strekninga gjeld dei om lag 400 metrane frå Eidsdal Kraftverk og opp til Juvafossen. Bakgrunnen er at Eidsdal Kraft AS i utgangspunktet søkte om ei maks slukeevne på 4,2 m³/s, men at slukeevna vart nedsett til 3,6 m³/s som ein del av konsesjonsvilkåra frå NVE. Kraftverket har no vore i drift nokre år og utbyggjarane har hausta erfaringar om kva som hender ved ulike vassføringar ut frå det dei har observert. Dei meiner ut frå dette at NVE tok feil i grunngevinga si då dei reduserte maks slukeevne ved konsesjonshandsaminga. Ut frå dette vil dei på nytt søkja om å få auka maks slukeevne for å kunne utnytta flaumane på ein betre måte, for slik å auka lønsemda til føretaket.

Eidsdal Kraft AS har søkt om å få auka slukeevna frå 3,6 m³/sek. til 4,2 m³/sek. slik dei søkte om i konsesjonssøknaden.

Slik utbyggjarane tolka grunngevinga for redusert slukeevne frå NVE, var det peika på to tilhøve:

1. For lite overlaup til å transportere vekk lausmassar som kjem inn i elva nedstraums dammen.

2. Betre tilhøva for anadrom laksefisk.

Det første punktet meiner utbyggjarane at dei har tilbakevist. Det grunnjev dei på følgjande måte; I den bratte elva nedstraums inntaket kjem det ikkje inn bekkar med lausmasse, og det som måtte koma vert spylt vidare i flaumane – noko dei meiner å ha synleg prov på i form av ein film.

Vidare peikar utbyggjarane på at for året 2015 ville dagar med overlaup etter slukeevne 3,6 m³/sek. bli ca. 62 døger fordelt over året. Med slukeevne 4.2 m³/sek. ville dei same flaumperiodane til saman verte redusert med ca. 20 døger.

Dette et utrekna utifrå timeverdiar innmålt produksjon av kraft i 2015. Utbyggjarane argumenterer med at fisken i elva på utbyggingsstrekkingen er tilpassa ei minstevassføring på 200 l/s det meste av året, same kva maks slukeevne kraftverket har, medan den omsøkte auken av slukeevna vil medføre nokre færre døger med overlaup enn det er no. Dette kan sjølvstundt variera ein del frå år til år.

Utbyggjarane etterspør så faglege grunngevingar for kvifor desse 20 ekstra døgna med overlaup i tillegg til minstevassføringa på 200 l/sek. er så viktige for fisken frå Juvafossen og ned til kraftverket. Det omtalte elvestrekkjet er ca. 400 m langt, bratt og storsteinut, noko som tilseier at denne er mykje mindre eigna for gyting og som oppvekstområde for anadrom fisk enn elva nedanføre utlaupet frå stasjonen. Dei nemner vidare at det ikkje har vore fiska i denne delen av elva (sone 4) på lang tid. Av avbøtande tiltak som er utført nemner dei utbetring av gyttestadar nedstraums stasjonen der gytetilhøva er gode også frå naturen si side.



Figur 2. Kartet (henta frå GisLink) viser kvar det aktuelle strekkjet på 400 meter ligg i Eidsdalen. Juvafossen ligg ved det markerte blå punktet, medan stasjonen ligg ved det raude. Sjølve utlaupet frå stasjonen ligg enda litt lenger ned i elva (nord på kartet), nærare G-en i Gjerda.

2

KORT HISTORIKK OM KRAFTVERKET

Eidsdal Kraftverk fekk konsesjon den 14. feb. 2005 og kom i drift den 28. sep. 2006. Det er med andre ord eit relativt nytt anlegg, men som ein ser så har det no likevel vore i drift i meir enn 10 år. Dei første åra kraftverket var i drift var det jamt over gode prisar og lønsemda var bra. Den siste tida har derimot prisane vore dårlege, med underskot dei tre siste åra som resultat. Tiltaket (auka maks slukeevne) som vi gjer ei vurdering av i dette notatet, har som hovudføremål å auka lønsemda til kraftverket.

3

METODE

3.1


Eksisterande kunnskap om naturverdiar i det aktuelle området.

I tillegg til eigen feltundersøking den 26. januar 2016, så er eksisterande kunnskap om influensområdet prøvd henta inn m.a. frå DN's Naturbase og frå Artskart i den grad det er noko å finna der. I og med at det er anadrom fisk som er temaet her, så er eventuelt andre naturverdiar lite relevante i forhold til emnet som skal vurderast. Fylkesmannen ved fiskeansvarleg Leif Sættem, samt næringssjef i Norddal kommune, Toralv Klokkehaug er likevel kontakta om dei eventuelt hadde opplysningar eller synspunkt som kan ha noko å seia for søknaden om auka slukeevne. Ingen av dei hadde relevante innspel i så måte, men Klokkehaug såg ikkje at ei utviding av slukeevna kunne ha negative verknadar for den anadrome fisken nedstrøms Juvafossen og tilrådde av den grunn at

konsesjon vart gjeven for å auka maks slukeevne med det omsøkte volumet.



Figur 3. Dette lausmassekartet viser at langs heile den strekinga av Eidsdalselva som vert berørt ved ei eventuell auka slukeevne er det mest morenemassar som dominerer. Dette stemmer da også med inntrykket ein fekk ved synfaringa den 26. jan. 2017.



Figur 4. Berggrunnskartet viser at det er mest harde gneisar som dominerer i heile dette området. Unntaket er ein del areal oppe i Tafjordfjella, men desse områda ligg utanføre dette kartutsnittet. Harde gneisar gjev grunnlag berre for ein fattig flora.

Berggrunnskartet viser ein fattig berggrunn i heile området mellom Eidsdal og Geiranger.


3.2

Naturfagleg undersøking av Bioreg AS vinteren 2017.

På oppdrag frå Bioreg AS gjorde Oddvar Olsen, FaunaFokus AS, ei naturfagleg undersøking av den elvestrekninga i Eidsdalen som vert påverka av ei eventuelt auka slukeevne og da tenkjer ein på strekninga frå Juvafossen og ned til utsleppet frå kraftverket 400 meter lenger ned. Det var først og fremst botnsubstratet og kor godt eigna det var for eventuell gyting av anadrom fisk som fekk mest merksemd, men kryptogamfloraen (mose og lav) vart også vidd litt merksemd.

Det aktuelle området vart nådd ved å følgje tilkomstvegen ned til kraftverket. Derifrå vart det gått til fots opp til Juvafossen. Representant for utbyggjarane, Egil Berge følgde også med på turen. Først vart tilhøva ved utlaupe frå kraftverket undersøkt, også rett nedstrøms utslepps-kanalen.

Været var fint og sikta var god under heile undersøkinga. Sjølv om det var midtvinters, så var det likevel berr mark og isfri elv. Tilhøva var difor gode for ein slik undersøking som låg i oppdraget vårt, dvs vurderer elvestrekninga som gyte- og oppvekstområde for anadrom fisk. Som nemnd tidlegare, så vart det også sett litt etter interessante lav- og mosesamfunn. Hølar og delvis stryk vart undersøkt med sjøkkikkert for å få eit inntrykk av kor gode/dårlege botntilhøva eigna seg for anadrom fisk.



Figur 5. Kartutsnittet viser utbyggingsområdet (den raude firkanten), samt den omkringliggjande geografien. Oppe til venstre har vi Ålesund og Storfjorden som etter kvart deler seg i Tafjorden i nord og Sunnylvsfjorden i vest. I sør ligg Geirangerfjorden med tettstaden Geiranger heilt inst i fjorden. Utbyggingsområdet er ein del av Norddal kommune. (Kartet er henta frå Gislink).

4 RESULTAT

4.1 Flora

Som nemnd i kap. 3.2, så vart det også sett litt etter interessante lav- og mosesamfunn langs elva. Men sidan dette ikkje var ein del av oppdraget vårt, så vart ikkje denne undersøkinga gjort særleg grundig. Men kort fortald, så var både det som kunne identifiserast av karplantefloraen og lav- og mosefloraen fattig og triviell på den aktuelle strekninga. Ingenting vart observert som skulle tilseia at fleire årstdøgn med overlaup ville ha nokon målbar positiv verknad på vegetasjonen langs elvestrekninga. Dette er i tråd med det som MFU AS observerte ved undersøkinga si i 2004.

4.2 Akvatiske miljø


Heile elvepartiet mellom utløp kraftverk og Juvafossen, er storsteinute og manglar større areal med gytegrus. Det nedste partiet frå gangbrua ved kraftverket til utlaupet, er ganske flatt og vel det partiet som er flatast på heile den 400 meter lange strekninga som vert berørt av ei eventuell auka maks slukeevne. Men heller ikkje her er det gytegrus anna enn i små sprekker mellom steinar og i bakevjer på nedsida av større steinar. Ovanfor gangbrua går elva brattare og med større stein i botn og sider. Oppe ved kote 220, er det eit kort flatare parti. Heilt oppe ved fossen finn ein det største arealet med brukbart gytesubstrat, ca 4-5 m². Substratet er grovt, og passar best for større fisk (Sjå biletet nedanføre!).

For nokre år sidan var det ein stor flaum som spylte rein elva for grus og småstein. Dette kan ein sjå spor av i form av grus som ligg på tørt land langs elva. Denne flaumen gjorde og ein del skade på elveforbygging langs elvekanten ved kraftverket og i elva nedanfor utløpet til kraftverket.

Slik elva ser ut i dag på denne strekninga, er det ingen gode gytetadar her verken for laks eller sjøaure. Små sjøaure og bekkeare kan nok få til å gyte her og der i grus mellom storsteinar, men det manglar flatare parti med høljar og stabil grus for å kunne kalle dette gode tilhøve.



Figur 6. Biletet viser gytesubstrat i høljen nedanføre Juvafossen. Som ein ser er substratet temmeleg grovt, men likevel til ein viss grad eigna for større anadrom fisk. (Foto; Bioreg AS © 26.01.2017).



Figur 7. Dette kartutsnittet viser kvar om lag det vart gått under den naturfaglege undersøkinga den 26. januar 2017. Det er den blå streken til høgre som markerer elvelaupet til Eidsdalselva. Streken til venstre er ein bekk. Det var Oddvar Olsen (FaunaFokus) frå Volda som gjorde dei naturfaglege undersøkingane her. Olsen har god kompetanse på slike vurderingar da han i tillegg til å ha vore med på kartlegging av mange elver med tanke på bygging av kraftverk, så har han også vore med på ganske mange elfiskeundersøkingar.

5 KORT DISKUSJON OM DET SOM VART REGISTRERT

5.1 Eigne og andre sine vurderingar og registreringar

Den planlagde endringa går hovudsakleg ut på å auka maks slukeevne frå 3,6 m³ til 4,2 m³. Dette vil medføra ein del årsdøgn mindre med overlaup på den aktuelle strekninga, truleg i området pluss minus 20. Resten av året vil det verta uendra vassføring på den aktuelle strekninga, dvs ca 200 l/s, og det er denne vassføringa fisken er van med. Det som avviker frå denne vassføringa er noko fisken må venna seg til. Vi kan likevel sjå at ved særskilde høve så kan fisken teoretisk ha lettare for å ta seg fram opp til fossen. Etter å ha undersøkt elvestrekninga finn vi likevel å kunne avvisa denne problemstillinga her.

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal har det vorte hevda at det har vore ein sterk nedgang i fangsten av anadrom fisk i Eidselva etter at kraftverket vart bygd. Vidare ser Fylkesmannen dette som eit resultat av etableringa av Eidsdal Kraft AS. Utbyggjarane avviser dette ved å visa til ei rekkje andre faktorar som dei meiner har hatt mykje meir å seia for den negative utviklinga kva gjeld anadrom fisk i Eidsdalselva (Sjå vedlegg 1 bak i dette notatet) M.a. viser dei til at det har vore ei liknande negativ utvikling i nabovassdraget i aust, Dalselva. I følgje den statistikken som er innhenta, så ser dette ut til å stemma.

Konklusjonen vår er at ei auka maks slukeevne frå 3,6 m³ til 4,2 m³ neppe vil gje nokon målbar negativ effekt for anadrom fisk på den aktuelle strekninga frå kraftverket og opp til Juva fossen. Tvert i mot så meiner vi at ein slik auke vil ha positive verknadar for anadrom fisk fordi dei største flaumane vert noko dempa samanlikna med situasjonen no.

5.2 Eventuelle avbøtande tiltak

Kva gjeld avbøtande tiltak med tanke på å betra tilhøva for anadrom fisk, så er det helst området frå gangbrua og ned til utsleppet frå kraftverket som er best eigna for dette. Her er det rimeleg gode tilhøve for å lage eit par tersklar, men det kan og vera plass til ein slik ovanføre gangbrua, men denne er truleg mindre aktuell, då elva verkar å vera urørt her. Men uansett så må eventuelle avbøtande tiltak vera noko som utbyggjarane, saman med NVE må ta stilling til.

Det vart så vidt kika på elva frå kraftverket og nedover mot sjøen også, men då berre frå bilen. Det såg ut til at elva var plastra i store delar og elvelaupet såg ut til å ha vore retta ut på strekninga ned mot sjøen. I dette området var det og lite kantvegetasjon. Vi kan sjølv sagt ikkje konkludera bastant på nokon måte i og med at vi ikkje har synfart heile elva, men det synest ikkje som elva totalt sett, har nokon særskild gode tilhøve for yngel i den nedste delen i alle fall.



Figur 8. Dei to raude ovalane markerer to stadar i elva som er godt eigna for å byggja tersklar for å betra gytetilhøva for anadrom fisk oppstrøms utslippet frå kraftstasjonen. Då desse bileta vart tekne, dvs. den 26. jan. 2017 var det ikkje noko overlaup ved dammen, men grunna ein midlertidig stans i kraftverket grunna vedlikehald, er vassføringa likevel noko over pålagd minstevassføring her. Først då ein var komen om lag halvveges opp til Juvafossen hadde vassføringa stabilisert seg på pålagd minstevassføring. (Foto; Oddvar Olsen for Bioreg AS © 26.01.2017).



Figur 9. Biletet viser Juvafossen som er absolutt vandringshinder for anadrom fisk i Eidsdalselva. (Foto; Oddvar Olsen for Bioreg AS © 26.01.2017).



Figur 10. Dette viser ein del av hølen nedanfor Juvafossen. I bakgrunnen Egil Berge som var med på den naturfaglege undersøkinga som representant for utbyggjarane. (Foto; Oddvar Olsen for Bioreg AS © 26.01.2017).



Figur 11. Her ser ein hølen nedom Juvafossen frå andre kanten. Denne hølen er det største samanhengande området eigna for gyting som vart observert på heile strekninga frå kraftverket og opp til fossen. (Foto; Oddvar Olsen for Bioreg AS © 26.01.2017).



Figur 12. Situasjonsbilde frå eit område litt nedanfor Juvafossen. Elvedalen er relativt V-forma her og sidene på begge sider av elva er heller bratte. Tresjiktet består for ein god del av middels gamal lauvtreskog, mest gråor, men også litt bjørk. I tillegg finst noko sjølvspreidd gran. (Foto; Oddvar Olsen for Bioreg AS © 26.01.2017).



Figur 13. Oddvar studerer botnsubstratet i Eidsdalselva om lag midtveges mellom Juvafossen og kraftstasjonen. (Foto; Oddvar Olsen/Egil Berge for Bioreg AS © 26.01.2017).



Figur 14. Som ein ser av dette biletet, så er det små lommar av brukbart gytesubstrat på eigna stadar også utanom dei største hølane. (Foto; Oddvar Olsen for Bioreg AS © 26.01.2017).



Figur 15. Dette biletet er tatt nedstrøms frå litt oppom kraftstasjonen. Stasjonsbygningen ser ein i øvste biletkant litt til høgre for midten i biletet. Akkurat her kan det sjå ut som om elvelauget delvis er reinska for alle lausmassar slik at fjellet stikk fram fleire stadar, men i følgje Olsen er dette digre kampesteinar. (Foto; Oddvar Olsen for Bioreg AS © 26.01.2017).

6 KJELDER

6.1 Litteratur:

Direktoratet for naturforvaltning 2015. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. Ny revidert utgave av DN-håndbok 1999-13.

Direktoratet for naturforvaltning 2000. Kartlegging av ferskvasslokalitetar. DN-handbok 15-2000.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge ISBN: 978-82-92838-41-9

Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

Norges geologiske undersøkelse <http://www.ngu.no/>

Statens vegvesen 2006. Håndbok 140. Konsekvensanalyser. 292 s.

Tveiten, E., Lutro, O., & Thorsnes, T.: 1998. Geologisk kart over Noreg. Berggrunnskart ÅLESUND M 1 : 250 000. Noregs geologiske undersøking.

6.2 Munnlege kjelder:

Toralv Klokkehaug, næringssjef i Norddal kommune Tlf. 702 58 865

Egil Berge Eidsdalsvegen 709. Mobil 918 26 868

7 VEDLEGG 1

Eidsdal Kraft AS
Berge Eidsdalsvegen 709
6215 EIDSDAL

Tlf. 70257505
Mobil 91826868

Til Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår dato: 08.11.2016
Vår referanse: Egil Berge

Dykkar dato 25.08.2016
Dykkar referanse: Leif Magnus Sættem
Arkiv: 2016/3347/LESA/443.1

Svar på brev av 25.08.2016 frå fylkesmannen i M og R fylke der overskrifta er: «Eidsdalselva, Norddal kommune Vurdering av effekter frå kraftregulering»

Som det går fram i skriv frå fylkesmannen er det nedgang i fisket av anadrom laksefisk dei seinare åra i Eidsdalselva. Og han peikar i framlagt statistikk på nedgang i fiskebestanden som samsvarar i tid med bygging og drift av Eidsdal Kraftverk. Tidspunktet samsvarar også med opphør av fiskeutsetjing for reetablering av laksestammen etter rotenonhandsaming. G. salaris vart påvist i 1981, rotenonbehandla i 1990 og friskmeldt i 1994. Fangststatistikken gjenspeglar sjølvsagt og at deler av elva har vore freda, og ei rekkje andre faktorar som påverkar laksestamma.

Det vert i brevet frå fylkesmannen vidare peikt på at det oppstraums Eidsdal kraftverk er mindre vassføring enn før utbygginga. At strekninga frå Juvahølen til kraftstasjonen har mindre vassføring kan knapt seiast å være uventa med konsesjonsvilkår som pålegg oss å sleppe 200 l/s i minstevassføring. Ned-straums kraftverket er vassføringa som før. Aktuelle tiltak bør setjast inn nedanfor kraftverket. Behovet for dette er ikkje eit resultat av Eidsdal Kraft si utbygging, men naturlege hendingar.

Etter tilråding frå Fylkesmannen opparbeidde Eidsdal Kraft AS gyteplassar nedstraums stasjonen i 2007. Dette er i samsvar med utarbeidd rapport frå utmarksrådgivar Erik Øien datert oktober 2006. Etter synfaring vart tre tiltak foreslått og gjennomført:

1. Opparbeide nye kulpar. 2. Samle fleire elveløp. 3. Reinske opp bekk.


Dette som kompensasjon for nedsett vassføring i den bratte elvestrekninga oppstraums stasjonen. Sjå vedlagt skriv frå Fylkesmannen og rapport frå Erik Øien.

Eidsdal Kraft har ikkje kompetanse på fiskeforvaltning, vi har difor teke kontakt med folk som kan og driv kultiveringsarbeid i elvane rundt oss. Utifrå dei opplysningar vi har fått frå desse røynde forvaltarane er der ingen direkte samanheng mellom kraftutbygging og nedgangen i laksestamma. Legg ved statistikk frå elva i nabobygda Norddal (Dalsbygda) Den er ikkje utbygd med kraftverk, men syner same dramatiske nedgang som i Eidsdalselva.

Der er knapt 4 km mellom desse elvane der dei renn ut i fjorden.

Same negative utvikling er det i mange elvar i området langs Storfjorden så langt vi kjenner til, med eller utan kraftutbygging i elvane. Der det er klekkjeri av rogn og utsetjing av yngel er situasjonen betre.

Visualisering av problemstillingar, (periodar med freding ikkje innteikna):



Dei viktigaste negative faktorane som røynde lakseelv-forvaltarar peikar på er:

1. Stor bestand av totalfreda oter (lokalt namn slenter) i elvane. Det vert observert halvten laks på elvekantane. Det vert også observert oter og spor etter oter i elvane. Eit viltkamera i Sykkylven knipsa 4 stk. på eitt bilete. I til dømes Dalsbygd-elva, hadde alle 5 fiskane som vart fiska i 2013 i sone 3 Dalhus, bitemerke etter oter.
2. Mykje villmink langs elvane. Minken vert sett og det vert observert restar av fanga fisk.
3. Stor bestand av lakselus i fjorden. Får smolten tre lus eller meir på seg, døyr den vert det sagt. Sjøauren er også utsett for lakselus. Viser til programmet Brennpunkt i NRK1 torsdag 10.11.16. Lakseoppdrettsnæringa arbeider med å redusere problema.
4. Nyare forskning viser at næringstilgang for ungfisk i havet er dårleg, liten tilvekst og overleving. Minkande innsig av unglaks til elvane. Sjå oppslag i Sunnmørsposten 10.11.2016. og i Nationen 07.11.2016.
5. Frost i elva. Vintrane 2009-2010 og 2010--2011 var det ekstreme kuldeperiodar med mykje is / hard isgang i elvane på nordvestlandet. Det same gjaldt for Eidsdalselva. Gyteareal vart tørrlagte og areal botnfraus. Deretter vart det uvanleg hard isgang i elvane som påførte botnsubstratet/gyteområda endå meir skade.

Dersom ein reknar med 3-årig smolt i Eidsdalselva så ville svikten i rekrutteringa som følgje av desse to vintrane vise seg i innsiget av pjakk 2013-2015. Dette stemmer med fangststatistikken.

6. I dei bratte elvane er der stor skade på fiskebestand i flaumane, rogn og ungfisk vert skylt på havet og gode gyteplassar vert rasert. Hausten 2013 var det ein slik storflaum i Eidsdalselva. Mykje masse har vorte flytta og mellom anna vart eit av dei to elveløpa nedstraums stasjonen, der det var gode gyteplassar, tørrlagt i og med at hovudløpet grov seg djupare vest for holmen ved den gamle fotballbana, og alt vatnet renn no i hovudløpet. Det må etter vårt skjønn etablerast eit samarbeid mellom dei som forvaltar fisken og NVE for å rette opp i skadane. Eidsdal Kraft AS kan ikkje sjå at vi har ansvar for flaumen.

7. Det er også stor variasjon i kor mykje laks som går opp i elvane, då oppgangen er avhengig av kor mykje vatn som er i elvane dei ulike åra. I fylgje vår produksjonsstatistikk, var 2012 og 2013 slike «tørrår». Dette stemmer med fangststatistikken.

Ekspertar vi har rådført oss med tilrår eit breitt spekter av tiltak. Fiskebiologisk undersøking av elva med forslag til tiltak over for eksempel ein 5-årsperiode for å sikre bestanden i Eidsdalselva vert tilrådd. Gytebestandsmål er eit stikkord i denne samanheng.

Det er innhenta tilbod om fiskebiologisk granskning av Eidsdalselva frå Rådgivande Biologer AS, og dette er levert til Leiar i Eidsdal elveigarlag.

Vi har vore i kontakt med Melseth som er formann i Sunnmøre elveigarlag, og han vil hjelpe til i denne prosessen. Han har erfaring frå arbeidet med Ramstaddalselva, Vikeelva og Aureelva i Sykkylven kommune. Aureelva er ei suksesshistorie etter det vi får opplyst.

Det ville også vere ein ide med eit samarbeid med Elveigarlaget i Norddal for å få opp bestandane i begge vassdraga.

Eidsdal Kraft kan ikkje sjå at utbygginga av Eidsdal Kraftverk har hatt nokon innverknad på laksestamma i Eidsdalselva, men vi i Eidsdal Kraft ynskjer saman med elveigarlaget å finne ein god kultiveringsmuligheit for å få oppatt laksebestanden i Eidsdalselva.

Vi har difor engasjert oss for å hjelpe Eidsdal elveigarlag med å kome i gang med kultiveringsarbeid. Og på frivillig basis seier oss villige til å ta del i eit «spleiselag» med kr 6000 pr. år i ein 5-årsperiode for å byggje oppatt laksebestanden i elva. Dette må sjølvsagt skje i elveigarlaget sin regi og i samråd med fiskebiologar.

Helsing Eidsdal Kraft AS

Per Helge Nakken
Styreleiar

Egil Berge
Dagleg leiar

Godkjent utan underskrift ifylgje våre rutinar.

Vedlegg: Skriv frå fylkesmannen datert 25.08.2016.
 Skriv frå Fylkesmannen datert 17.06.2005.
 Utredning frå Erik Øien datert 2.oktober 2006.
 Fangstrappport Dalsbygd elva i Norddal